



# NOREGS HØGSTERETT

Den 16. juli 2020 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane dommarane Normann, Bergh og Høgetveit Berg i

**HR-2020-1487-U, (sak nr. 20-090267STR-HRET), straffesak, anke over orskurd:**

I.

Påtalemakta

(statsadvokat Geir Evanger)

mot

A

(advokat Victoria Holmen)

II.

A

(advokat Victoria Holmen)

mot

Påtalemakta

(statsadvokat Geir Evanger)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld beslag etter straffeprosesslova.
- (2) I den såkalla «Lime-saka» vart det gjort beslag i to epostar som A hadde sendt til ein advokat. Forsvararen gjorde gjeldande at epostane var advokatkorrespondanse som var verna av straffeprosesslova § 204, jf. § 119 og kravde beslaget oppheva.
- (3) Oslo tingrett sa 4. desember 2019 orskurd med slik slutning:
  - «1. Beslaget av epost datert 19. august 2014 omtalt som ID27799 oppheves.
  2. Beslaget av epost datert 26. august 2014 omtalt som ID26045 opprettholdes.»
- (4) Påtalemakta anka over orskurden punkt 1. A anka over orskurden punkt 2.
- (5) Borgarting lagmannsrett meinte at ankane i røynda var krav om bevisavskjering som skulle ha vore retta mot den dømmande retten, og avviste ankane ved orskurd 6. januar 2020. Orskurden vart oppheva av Høgsterett 3. juni 2020, jf. HR-2020-1154-A.

- (6) Borgarting lagmannsrett sa 10. juni 2020 ny orskurd med slik slutning:
- «Ankene forkastes.»
- (7) *Påtalemakta* har anka over at beslaget i eposten fra 19. august 2014, omtalt som ID27799, vart oppheva. *Påtalemakta* gjer gjeldande at lagmannsretten har tolka straffeprosesslova § 204 feil, og at orskurden er mangelfull. Det er vidare gjort gjeldande at det ikkje låg føre noko klientforhold mellom A og advokaten, og at det difor ikkje er grunnlag for å oppheve beslaget etter straffeprosesslova § 204, jf. § 119.
- (8) *Påtalemakta* har sett fram slik påstand:
- «Begjæring om opphevelse av beslag av e-post datert 19. august 2014 fra A til advokat Karen Forbrigd tas ikke til følge.»
- (9) A har anka over at beslaget i eposten fra 26. august 2014, omtalt som ID26045, vart oppretthalde. Han gjer gjeldande at lagmannsretten har tolka uttrykket «betrodd [advokaten i hans] stilling» i straffeprosesslova § 119 feil når den har lagt avgjerande vekt på at A vidaresendte eposten til tredjepersonar. Når det gjeld påtalemaktas anke gjer A gjeldande at lagmannsrettens avgjerd er korrekt.
- (10) A har sett fram slik påstand:
- «Påtalemyndighetens anke forkastes.
- Borgarting lagmannsretts kjennelse av 10. juni 2020 oppheves for så vidt gjelder tingrettens slutning punkt 2.»
- (11) *Påtalemakta* er kjent med As anke og gjer gjeldande at eposten ikkje lenger er fortruleg når A har sendt eposten vidare til tredjepersonar som ikkje hadde noko formell tilknyting til advokaten. Lagmannsrettens avgjerd er korrekt.
- (12) *Høgsteretts ankeutval* viser til at utvalets kompetanse ved ein vidare anke er avgrensa, jf. straffeprosesslova § 388 fyrste ledd.
- (13) Anken frå A reiser spørsmål om advokatkorrespondanse kan opphøyre å vera verna etter straffeprosesslova § 119 dersom klienten sjølv har vidareformidla korrespondansen til tredjepersonar.
- (14) Lagmannsretten har uttalt følgjande om dette:
- «A sendte denne e-posten til B og C og D. Den inneholder en videresendelse av en e-post som A hadde sendt til advokat Forbrigd ett minutt tidligere. Advokat Forbrigd var på dette tidspunktet forsvarer for E, som mottakerne av e-posten er i familie med.
- Lagmannsretten er enig med tingretten i at når A selv har sendt e-posten til tredjepersoner, omfattes innholdet ikke av bevisforbudet i straffeprosessloven § 119 første ledd. Det vises til Rt-2013-1336 avsnitt 30. E-posten er sendt på As eget initiativ, og har som formål å få mottakerne til å lese informasjon før de skulle avgje vitneforklaringer. Lagmannsretten finner ikke at e-posten kan anses å være så nært knyttet til advokat Forbrigds advokatoppdrag at den omfattes av bevisforbudet i straffeprosessloven § 119 første ledd.»

- (15) Ankeutvalet kan ikkje lese dette på nokon annan måte enn at lagmannsretten meiner at vidaresendinga av eposten *i seg sjølv* er tilstrekkeleg for at den ikkje skal vera omfatta av bevisforbodet i straffeprosesslova § 119 fyrste ledd.
- (16) Dette er ikkje eit korrekt rettsleg utgangspunkt. Det er ingen automatikk i at vernet etter straffeprosesslova § 119 fell bort ved vidaresending, sjå Rt-2013-1336 avsnitta 29 og 30 motsetnadsvis, Rt-2013-1719 avsnitt 40 og HR-2019-2262-U avsnitt 13.
- (17) Det forholdet at advokatkorespondanse er vidaresendt, kan derimot etter ei nærmere vurdering av måten det er gjort på, innhaldet i den og omstenda elles innebera at korrespondansen ikkje lenger kan reknast «betrodd [advokaten i hans] stilling» etter straffeprosesslova § 119. Ei slik nærmere vurdering er ikkje gjort av lagmannsretten i saka her, og lagmannsrettens avgjerd må då opphevast for dette beslaget.
- (18) Ankeutvalet finn det samstundes klart at påtalemaktas anke ikkje kan føre fram. Påtalemaktas anke blir forkasta med heimel i straffeprosesslova § 387 a første ledd.
- (19) Avgjerda er samrøyistes.

#### S L U T N I N G

1. Påtalemaktas anke blir forkasta.
2. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva for beslaget i eposten datert 26. august 2014 omtalt som ID26045.

Espen Bergh  
(sign.)

Kristin Normann  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)